

Referat frå rådsmøte 19.mai 2009.

Tilstades: Regionordførar Olav Urbø, Torstein Tveito, Anne-Nora Oma Dahle, Jon Svartdal, Olav Tho, Arne Vinje, Bjørn Nome, Hans Bakke, Kristian Torp-Hansen, Sverre Sæter, Helge Grønlund og sekretær Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg møtte Magne Reiersen og Frida Sviland frå Telemark fylkeskommune, Kari Nordheim - Larsen og Stein Elseth frå Fylkesmannen i Telemark og Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 40/2009 Referat frå rådmøte 21. april 2009.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 21. april 2009 vert godkjent utan merknader.

Sak 41/2009 Møtet i Vest-Telemarktinget 16. juni 2009.

Forslag til sakliste, forslag til rapport arbeidsprogrammet.

Vedtak: Forslag til sakliste og forslag til rapport arbeidsprogrammet vert samrøystes godkjent.

Sak 42/2009 Felles grafisk profil for Vest-Telemark.

Prosjektleiari Ole Dalen var tilstades i denne saken og orienterte om tilbakemeldingane frå kommunane. Alle kommunane sluttar seg til at den felles profilen vert teke i bruk og at det er Vest-Telemarkrådet som har eigarskapen til denne.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner forslaget til felles profil for Vest-Telemark. Rådet vil kome nærare attende til bruken av denne.

Sak 43/2009 Sluttrapport landbruksplanen.

Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling var tilstades og orienterte nærare om rapporten. Planen inneheld 7 strategiske tiltaksområde med ei rekkje tiltak innafor kvart av desse. Det går fram av rapporten at satsing på landbruk er ein viktig faktor i høve til å utvikle regionen som felles bu-, arbeids- og opplevingsplass.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek sluttrapporten til vitande. Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe der Vest-Telemark Næringsutvikling, saman med landbruksfaglege personar frå kommunane, får ansvaret for å kome med forslag til vidare arbeid i høve til tiltaksområda i rapporten.

Sak 44/2009 Vest-Telemark Bedriftshelseteneste, tilbud om bedriftshelseteneste.

Dagleg leiar i Vest-Telemark Bedriftshelseteneste Gunnar Ofte var tilstades og orienterte om saken. Verksemda har i dag 3,7 årsverk fordelt på 5 tilsette og selskapet har kontor på Dalen. Det er 77 medlemsbedrifter med tilsaman 1390 arbeidstakarar knytt til ordningen. Frå kommunane er det for tida berre Tokke og Fyresdal som er tilslutta denne.

Nye krav og til kompetanse og kapasitet gjer at Vest-Telemark Bedriftshelseteneste ynskjer eit auka medlemsgrunnlag og utfordrar alle kommunane til å slutte seg til bedriften.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande. På bakgrunn av dette vil kommunane vurdere saken nærare og Vest-Telemark Bedriftshelseteneste vil ta kontakt med kvar enkelt kommune.

Sak 45/2009 Drøftingssaker.Kollektivplan for Telemark.

Telemark fylkeskommune har starta opp revisjon av kollektivtrafikkplan for Telemark, og kommunane/regionane bør snarast spele inn aktuelle planer og strategisk viktige moment til denne. Det vert lagt opp til 2 opne dialogmøte hhv. 25. juni og månadsskiftet august/september. Frå fylkeskommunens side er det lagt til grunn konkurransgrunnlag i høve til konsulentarbeid samt sluttrapport frå Vestviken Kollektivtrafikk gjeldande stamlinjer i Telemark.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til arbeidet med revisjon av kollektivplan for Telemark og gjev regionrådsleiar i oppdrag å legge fram forslag til organisering og representasjon i ei arbeidsgruppe for kollektivtrafikk i regionen. Forslaget vert å legge fram på neste rådsmøte.

Dialog mellom ulike politiske nivå.

Møta i Vest-Telemarkrådet og Tinget er opne for ålmenta, og fylkeskommunen har i lengre tid vore representert i desse møta gjennom regionkontakt Frida Sviland.

Det vert halde årlege dialogmøte med både fylkeskommunen og Fylkesmannen og kvar enkelt kommune har i tillegg eige møte med fylkesmannen.

Regionrådet ser det som viktig at det er god kommunikasjon mellom dei ulike politiske nivåa i Telemark.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil vende seg formelt til fylkeskommunen med tanke på å drøfte nærare politisk representasjon mellom regionalt og fylkeskommunalt politisk nivå.

Sak 46/2009 Ymse.

Ingen saker.

Sak 47/2009 Prøvebustader i Vest-Telemark.

Prosjektleiar Emilie Asplin og arkitekt Sverre Sondresen var tilstades og orienterte nærare om denne saken. Prøvebustaden i Øyfjell vil vera klar til bruk våren 2010, og ein har fått signal frå andre kommunar i regionen som ynskjer å etablere tilsvarende prøvebustad-ordningar.

Ein kan tenke seg ulike utgåver av desse tilpassa dei lokale tilhøva, men det er likevel viktig å ha ein felles strategi.

Vest-Telemark Næringsutvikling vil i nær framtid invitere til arbeidsmøte og foreslå at det vert sett ned arbeidsgrupper i kommunane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 48/2009 Møte med Fylkesmannen.

Tilstades i denne saken var fylkesmann Kari Nordheim – Larsen og assisterende fylkesmann Stein Elseth.

Det vart frå fylkesmannens side orientert om utviklingsarbeidet i regionen, kort om skjønnsmidlane og om arbeidet i eit felles GIS-prosjekt i Telemark.

Fylkesmannen kom vidare inn på samhandlingsreformen og samarbeidet mellom dei ulike forvaltningsnivåa.

Ny lov om biomangfald er ikkje ferdig handsama enno, og ein vil kome attende til denne på eit seinare tidspunkt.

Hans Bakke la fram forslag om å etablere ei fagleg nettverksgruppe bestående av representantar frå fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunane gjeldande plan og bygningsloven. Føremålet med ei slik gruppe er å bidra til fagleg utvikling og betre dialog mellom aktørane.

Det låg også føre innspel frå Fylkesmannen i høve til plandelen i den nye loven, der plikta til å ha eit fast planutval i den enkelte kommune er oppheva. Det kan ligge til rette for moglege fellesløysingar i samband med dette, og ein oppmodar kommunane til vidare dialog om saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande. Rådet vil be fylkesmannen ta initiativ til ei nettverksgruppe i høve til den nye plan- og bygningsloven og ber samstundes kommunane ha dialog om moglege fellesløysing i samband med at kravet til planutval fell bort.

Sekretær. Kjell Gunnar Heggenes